



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Husbanken
Postboks 824 Bedriftssenter

3007 DRAMMEN

Dykkar ref

Vår ref
09/2638-1 ITO

Dato
15 FEB 2010

Tildelingsbrev for 2010

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2010, jf. Innst. 2 S (2009-2010), Innst. 5 S (2009-2010), Innst. 16 S (2009-2010) og Prop. 1 S (2009-2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar, tilsegnfullmakter og låneramme for Husbanken i 2010. Det vert òg gjort greie for kva inntekter som vert føresette i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelde for verksemda i 2010. Det vert lagt til grunn at føringar i tildelingsbrev frå tidlegare år vert vidareført, dersom ikkje noko anna er sagt i dette eller tidlegare tildelingsbrev.

Husbanken har ansvar for å informere departementet om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Dersom det oppstår avvik, skal Husbanken gjere framlegg om korrigerande tiltak. Husbanken skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I Ikraftsetjing av ny husbanklov
- II Mål og resultat for 2010
- III Andre føringar frå departementet
- IV Budsjettildeling for 2010
- V Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- VI Relevante dokument

I IKRAFTSETJING AV NY HUSBANKLOV

Stortinget handsama og vedtok Ot.prp. nr. 6 (2008-2009) Om lov om Husbanken våren 2009, jf. Innst. O. nr. 53 (2008-2009) og Besl. O. nr. 69 (2008-2009). Ny husbanklov vart sett i kraft 1. januar 2010, og inneber at Husbanken skal vere eit statleg forvaltningsorgan direkte underlagt departementet.

Dei politiske oppgåvene som er lagt til Husbanken er dei same som tidlegare. Husbanken skal framleis finansierast ved løyvingar over statsbudsjettet.

Hovudstyret og regionstyra er avvikla frå 1. januar 2010. Frå same dato er administrerande direktør øvste leiar og er direkte ansvarleg overfor departementet for verksemda i Husbanken.

Departementet har i brev av 9. desember 2009 bedd hovudstyret om å avslutte arbeidet for 2009 på vanleg måte med årsmelding slik gjeldande lov fastset. Frå og med 2010 er administrerande direktør ansvarleg for å leggje fram årsrekneskap og årsmelding som gjer greie for dei mål, prioriteringar og resultat som er oppnådd i verksemda.

Det offisielle namnet "Den Norske Stats Husbank" er frå same tidspunkt erstatta med "Husbanken". Det nye namnet skal nyttast i alle samanhengar.

Revidert Hovudinstruks om økonomiforvaltninga i Husbanken av 11. januar 2010 er vedlagt. Departementet ber Husbanken om å sørge for at det vert etablert nye rutinar og fullmaktstrukturar som følgje av at hovud- og regionstyra er avvikla, og at Husbanken er vorte eit forvaltningsorgan.

II MÅL OG RESULTAT FOR 2010

Husbanken skal arbeide for å nå dei bustadpolitiske måla. Husbanken har eit særleg ansvar for å hjelpe kommunane med busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Husbanken skal prioritere følgjande satsingsområde for 2010:

- Det bustadsosiale arbeidet skal halde fram. Kjerneoppgåva til Husbanken er å arbeide målretta og systematisk for å gjere kommunar i stand til å gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Husbanken skal ha ei langsiktig og strategisk tilnærming til kommunane og prioritere dei som har dei største bustadsosiale utfordringane.
- Fremje kunnskap og auka bruk av bustadløysingar som er universelt utforma og som har miljøkvalitetar.

Systemet for mål- og resultatstyring vert vidareført i 2010. All rapporteringa må, så langt det er mogleg, relaterast til same periode året før og til utviklinga frå førre rapportering.

Ein føresetnad for mål- og resultatstyringa er at rapporteringa gjev ei vurdering av graden av måloppnåing. Ei oversikt over styringsparametrane finst i vedlegg 1.

Hovudmål 1: Ein velfungerande bustadmarknad

Husbanken skal ha fokus på og kunnskap om velfungerande bustadmarknader i heile landet. Målet er at det vert bygd tilstrekkeleg med gode bustader med universell utforming og andre berekraftige kvalitetar.

Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren

Husbanken skal i 2010 arbeide vidare med å betre datagrunnlaget for bustad- og byggsektoren for å få betre informasjon om situasjonen på bustadmarknaden. Husbanken skal òg halde fram arbeidet med å få betre oversikt over resultata av Husbanken si verksemd. Husbanken si verksemd og verkemiddel skal evaluerast med jamne mellomrom. Evalueringane av verkemiddel m.m. skal vere av dei ordningane der det er identifisert risiko og vesentlegheit knytt til måloppnåing. I dialog med departementet skal Husbanken setje av ressursar og utgreiingsmidlar til slike føremål.

Husbanken skal vere ein pådrivar innanfor det bustadpolitiske området. Husbanken skal gje informasjon og formidle kunnskap om eigne verkemiddel og om gode bustadpolitiske løysingar til kommunar og andre aktørar.

For å auke kompetansen om utviklinga på bustadmarknaden og vurdere om Husbanken når måla sine er det sett i gang fleire prosjekt innanfor områda "betre datagrunnlag" og "betre bustadanalyser og bustadindikatorar". Departementet ber Husbanken utarbeide eit statusnotat med prosjektplan for gjennomføring av dette arbeidet der dei planlagde resultata frå desse prosjekta også framgår.

Husbanken fekk i 2004 utarbeidd kunnskapsoversikta "Forskning om vanskeligstilte – En kunnskapsoversikt" (Byggforsk og NOVA). Departementet ber Husbanken om å utarbeide ei liknande oversikt som byggjer vidare på denne, og som er oppdatert fram til og med 2009.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal utarbeide eit statusnotat, inklusive prosjektplan og skildring av planlagde resultat, av Husbanken sitt arbeid med å betre datagrunnlaget og bustadanalysane innan utgangen av 1. tertial 2010.
- Husbanken skal utarbeide ei kunnskapsoversikt om forskning om vanskelegstilte, som er oppdatert fram til og med 2009. Frist til departementet er innan 31. desember 2010.

Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet

Husbanken skal ha merksemd retta mot bustadmarknaden i heile landet. Husbanken skal ha ei aktiv rolle i område der den private kredittmarknaden kan vere fråverande, slik at det òg her er eit reelt høve til å få god finansiering til bustader i distrikta. I kommunar med stor fråflytting skal Husbanken også vurdere utbetring av eksisterande bustader som alternativ til nybygging. Utbetring kan innebere mindre risiko for den einskilde låntakar og også vere ei meir samfunnsøkonomisk investering.

Både grunnlån og startlån kan vere viktige verkemiddel for å lukkast med busetjing i distrikta. Kommunane kan verte meir aktive i å formidle til dømes private utleigebustader og ved å stimulere til at tilbodet aukar gjennom kontakt og tiltak overfor moglege utleigarar og seljarar. Husbanken skal vurdere korleis han kan hjelpe kommunane på dette området.

Det kan tenkast at moglege innflyttarar ønskjer å leige ein bustad for ein periode. Kommunane kan få grunnlån til utleigebustader med løpetid på inntil 50 år. I område med låge husleiger og investeringsrisiko kan det lette finansieringa av utleigebustader.

Departementet vil i 2010 starte arbeidet med å gjennomføre ei evaluering av grunnlånet. Husbanken vil verte involvert i dette arbeidet.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal innan utgangen av 1. tertial 2010 gje ei vurdering av korleis distriktskommunar betre kan bruke dei bustadpolitiske verkemidla for å leggje til rette for auka busetjing.

Hovudmål 2: Auka busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden

Primæroppgåva til Husbanken er å setje kommunane og samarbeidspartnarane deira i best mogleg stand til å gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Husbanken skal koordinere det statlege arbeidet og involvere andre statlege aktørar og KS, og samarbeide med friviljug sektor og brukarorganisasjonar.

Føringane frå tildelingsbrevet for 2009 om at Husbanken skal følgje opp kommunar som har store bustadsosiale utfordringar skal vidareførast i 2010. Dette inneber at Husbanken skal fortsetje det strategiske arbeidet med å rette storparten av ressursane mot kommunar som har dei største bustadsosiale utfordringane.

Det er behov for betre kunnskap om vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det er naudsynt at verkemidla i Husbanken er gode nok og effektive innanfor dei rammer som er stilte til disposisjon. Husbanken skal leggje vekt på desse perspektiva i sitt arbeid.

Arbeidsmål 2.1: Auka førebygging og avskaffing av bustadløyse

Arbeidet med å førebyggje og avskaffe bustadløyse skal ha prioritet innanfor Husbanken sitt bustadsosiale arbeid i 2010. Mål for arbeidet er at:

- ungdom i overgangen frå barnevernstiltak og andre vanskelegstilte ungdommar får hjelp til å skaffe seg bustader med naudsynt oppfølging.
- ingen skal opphalde seg meir enn tre månader i mellombelse butilbod.
- personar som vert lauslatne frå fengsel eller utskrivne frå institusjon har eit eigna butilbod.
- bustadlause får tilbod om eigna mellombelse tilbod som skal sjåast i samanheng med meir langsiktige bustadløysingar.

Husbanken skal samarbeide med Helsedirektoratet om tiltak for dei som vert skrivne ut frå institusjonar innan rus og psykiatri. Kommunane har ei viktig rolle i dette arbeidet. Det er viktig å få fram korleis bustaden verker på helsa, både som førebygging og som ein del av løysinga/rehabiliteringa.

Husbanken skal ha særleg merksemd på barnefamiliar som står i fare for å verte bustadlause. For å hindre bustadløyse blant barnefamiliar skal Husbanken støtte opp under tiltak for korleis barnefamiliar kan få hjelp til å unngå slike situasjonar. Frist til departementet er innan 31. desember 2010.

Det er behov for meir kunnskap om situasjonen for bustadlause. Departementet ser at det er naudsynt for kommunane å kunne gje eit tilbod om opphald i mellombelse bustader, men dette bør sjåast i samanheng med langsiktige bustadløysingar. I dialog med departementet skal Husbanken i 2010 setje i gang kartleggingar på bruken av, og kvaliteten på, døgnovernattingsstader og andre formar for kommunalt disponerte, mellombelse bustader. Det er behov for å sjå på situasjonen for utsette grupper etter opphald i institusjon.

Husbanken skal utvikle gode metodar i arbeidet med å hjelpe ungdom i overgangen frå barnevernstiltak og andre vanskelegstilte ungdommar til å skaffe seg ein bustad med naudsynt oppfølging. Departementet ber om at Husbanken utarbeider og gjennomfører ein mediestrategi for å få auka merksemd om situasjonen for bustadlaus ungdom. Husbanken skal òg initiere forskning om vanskelegstilt ungdom på bustadmarknaden.

Husbanken skal arbeide for at den eksisterande verkemiddelpakka vert gjort meir synleg og betre tilpassa ungdom.

Saman med kriminalomsorga skal Husbanken arbeide for etablering av tiltak som kan medverke til at måla med tilbakeføringsgarantien vert realisert.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal i alle tertialrapportar rapportere på arbeidet med bustadløyse, og i særleg grad bustadlause barnefamiljar og ungdom under 24 år.
- Husbanken skal gjere framlegg om tiltak for å avgrense talet på opphald i mellombelse opphaldsstader. Frist til departementet er 1. mai 2010.
- Husbanken skal støtte opp under tiltak for korleis barnefamiljar kan få hjelp til å unngå bustadløyse. Frist til departementet er innan 31. desember 2010.
- Husbanken skal i 2010 arrangere ein nasjonal konferanse om unge bustadlause.

Arbeidsmål 2.2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane

Husbanken skal vere ein støttespelar for kommunane slik at dei får best mogleg utgangspunkt for å løyse sine bustadsosiale utfordringar. Husbanken skal ha ei strategisk tilnærming til dette arbeidet og leggje til rette for kompetanseheving gjennom erfaringsutveksling, tilskot til utviklingstiltak og gjennom faglege konferansar. Departementet viser til at Husbanken har sett i gang eit arbeid med bustadsosialt utviklingsprogram, som eit ledd i den strategiske tilnærminga til kommunane. Arbeidet mot dei einskilde kommunane skal baserast på objektive, analytiske kriterium, og det skal leggjast til grunn at kommunane har ein finansiell eigeninnsats.

Det tidlegare kompetansetilskotet vert delt i to tilskotsordningar frå og med 2010 for å målrette innsatsen på det bustadsosiale området og på området for berekraftig bustad- og byggkvalitet. Det nye bustadsosiale kompetansetilskotet vil vere viktig i arbeidet med å auke den bustadsosiale kompetansen i kommunane.

I tillegg til kompetansehevande tiltak for kommunane, skal tiltak også rettast mot friviljug sektor og brukarorganisasjonar.

Departementet viser til at Husbanken har etablert eit elektronisk dialogverktøy for kommunane slik at dei betre kan berekne behovet for bustøtte, startlån og bustadtilskot til utleigebustader. Departementet ber Husbanken vurdere å sjå nærare på bruken av dialogverktøyet, og om det er naudsynt å vidareutvikle verktøyet.

Undersøkinga frå Riksrevisjonen viser at ein stor del av kommunane ikkje handsamar søknader om utleigebustader som forvaltningsvedtak. Dette er brot på forvaltningslova, og gjer òg at oversikta over udekkte bustadsosiale behov i kommunane vert svakare. Husbanken må i sin kontakt med kommunane oppmode om å følgje forvaltningslova.

KOSTRA-skjema 13 om kommunale bustader er revidert. Nytt skjema vil vere i bruk for 2010 med rapportering frå kommunane på data frå 2009. Departementet ber Husbanken gjennomføre ein analyse og presentere dei viktigaste funna i samband med rapporteringa på politikkområdet til Prop. 1 S (2010-2011).

Departementet viser til Arbeids- og inkluderingsdepartementet sin handlingsplan for å betre levekåra for rom i Oslo. Eit tiltak i denne er å opprette eit samråd mellom rom og norske styresmakter. Departementet ber Husbanken om å delta i dette samrådet når bustadrelaterte problemstillingar er på dagsorden. Det skal vidare opprettast ei rettleiingsteneste for rom. Departementet ber Husbanken om å bidra med bustadsosial kompetanse og informasjonstiltak til denne rettleiingstenesta ved behov og førespurnad.

Departementet viser til Arbeids- og inkluderingsdepartementet sin handlingsplan for inkludering og integrering. Husbanken skal innan 1. juli 2010 hente inn tal for kor mange innvandrarak som har motteke bustøtte, startlån, bustadtilskot til etablering og utleigebustader i perioden 2006-2009.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal rapportere på sitt langsiktige, strategiske arbeid mot kommunane i alle tertialrapportar.
- Husbanken skal utarbeide ein analyse av venta bruk av bustadsosialt kompetansetilskot for 2010-2014 til bustadsosialt utviklingsprogram som er retta mot kommunane. Frist til departementet er 1. tertial 2010.
- Husbanken skal innhente tal for kor mange innvandrarak som har motteke bustøtte, startlån og bustadtilskot til etablering i perioden 2006-2009. Departementet ber òg om eit overslag på delen av desse som bur i kommunalt disponerte utleigebustader. Frist til departementet er innan 1. juli 2010.
- Husbanken skal analysere og presentere dei viktigaste funna i KOSTRA i samband med rapporteringa på politikkområdet til Prop. 1 S (2010-2011). Frist til departementet er i andre innspel til Prop. 1 S (2010-2011) i august, jf. vedlegg 2.

Arbeidsmål 2.3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane

Husbanken skal støtte kommunane i deira arbeid med bustadsosiale handlingsplanar. Tverretatleg samarbeid, forankring i overordna kommuneplanar og forankring i kommuneleiinga er viktige føresetnader for å lukkast i dette arbeidet.

Dei siste åra har det vore ein auke i talet på flyktningar som har fått godkjent opphald. Regjeringa vil sikre raskare busetjing av flyktningar med opphaldsløyve i kommunane. Busetjing er ein friviljug oppgåve for kommunane. Husbanken skal vidareføre samarbeidet med IMDi. Dette arbeidet skal vere ei prioritert oppgåve i Husbanken i 2010. Arbeidet bør òg sjåast i samanheng med oppfølging av NIBR-rapport 2009-2 *Etniske minoriteter og forskjellsbehandling i leiemarkedet*. Departementet viser til konklusjonar, tilrådingar og Husbankens notat med framlegg til oppfølging av undersøkinga. Departementet ber Husbanken følgje opp framlegga i tråd med følgjande tiltak i notatet:

1. Medverke til tilbod av eit breiare spekter av bustadtypar og –storleikar gjennom bustadtilskotet til utleigebustader.
2. Hjelpe kommunane til å avkrefte mytar om utleige til etniske minoritetar gjennom informasjons- og kompetansehevande tiltak overfor ulike utleigeaktørar.
3. Stimulere kommunane til meir aktiv bruk av opplæringsverktøyet "Å bo" og anna informasjonsmateriell om bustad og butilhøve.

Bustøtta er eit viktig verkty i regjeringa sitt arbeid mot fattigdom. Ei styrkt og forenkla bustøtte vart sett i verk frå 1. juli 2009. Departementet ber Husbanken om å fortsetje det gode arbeidet med å gjere dei nye reglane kjende, slik at flest mogleg med låg inntekt og høge buutgifter kan få hjelp til å få seg ein høveleg bustad.

Husbanken vert vidare bedd om å gjennomføre ei første evaluering av omlegginga til ny bustøtte. Departementet ber om å verte involvert i gjennomføringa av evalueringa på høveleg vis. Departementet ber òg om at Husbanken involverer aktuelle interesseorganisasjonar, medrekna Norsk Pensjonistforbund, i evalueringa av bustøtta. Frist for å oversende evalueringa til departementet, saman med vurderingar og tilrådingar frå Husbanken, er 1. november 2010.

Som tidlegare varsla, arbeider departementet no med nye føresegner om bustøtta. Etter planen vil framlegg om ny lovtekst og nye forskrifter verte sendte på høyring våren 2010. Husbanken vert òg i 2010 bedd om å setje av ressursar til forarbeid i den saka.

Husbanken skal halde fram arbeidet med å betre kompetansen i kommunane om startlånet.

Husbanken skal i sin dialog med kommunane og bank- og finansorganisasjonar synleggjere potensialet i startlånet. Mellom anna skal Husbanken synleggjere korleis startlånet, saman med dei andre bustadsosiale verkemidla, kan gjere det mogleg for kommunale leigetakarar å kjøpe seg sin eigen bustad.

Departementet har i 2009 fått gjennomført ei beste praksis-undersøking om startlånet (ECON Pöyry). Rapporten viser at potensialet for startlån er stort dersom praksisen er gjennomtenkt og god. Det er grunn til å tru at mange kommunar kan nytte startlånet betre. Husbanken skal ta i bruk og vidareformidle resultata frå rapporten på ein eigna måte. Vidare skal Husbanken samarbeide på eigna måte med relevante aktørar om ordninga.

Mange kommunar har for få og for lite passande utleigebustader. Både bustøtte og bustadtilskot er verkemiddel for å få fleire utleigebustader i kommunane. Bustadtilskot til utleigebustader skal ha prioritet innanfor den totale tilseignsramma på bustadtilskotet. Ved utmåling av tilskot i dei einskilde prosjekta, skal Husbanken leggje til grunn fleksibiliteten i tilskotsutmålinga. Økonomien i det einskilde prosjekt skal

vurderast. I særlege tilfelle og etter gjevne kriterium kan det gjevast inntil 40 pst. tilskotsutmåling dersom det finst plan for heilskaplege oppfølgingstenester.

Resultatmålet om vekst i talet på kommunalt disponerte utleigebustader på nasjonalt nivå vert vidareført i 2010. Resultatmålet om nettotilvekst må likevel vurderast frå kommune til kommune. Husbanken skal vurdere det lokale behovet for fleire utleigebustader og moglegheit for oppgradering av eksisterande utleigebustader ved tildeling av bustadtilskot til utleigebustader. Husbanken sitt arbeid mot kommunane med å skaffe fleire utleigebustader skal sjåast i samanheng med ny bustøtte. Husbanken skal gje kommunane føringar om at kommunale utleigebustader skal ha god kvalitet og vere universelt utforma. Utleigebustader bør vere integrerte i vanlege bumiljø, og talet på samlokaliserte bustader for vanskelegstilte bør vere så lågt at ein oppnår normalisering og integrering.

Det kan verte gjeve bustadtilskot til kommunar til tapsfond for startlån. I 2010 kan det unntaksvis verte opna for å setje av midlar til tapsfond. Det skal skje etter ein grundig gjennomgang av låneaktiviteten i den einskilde kommune.

Kompetansetilskotet skal medverke til auka aktivitet i kommunane. Det er behov for meir kunnskap om talet på bustadsosiale prosjekt som tidlegare har motteke kompetansetilskot og som har gått over til ordinær drift i kommunen/friviljuge. Departementet ber Husbanken om å lage ei oversikt over alle bustadsosiale prosjekt som har motteke kompetansetilskot sidan 2004 og som framleis eksisterar i regi av kommunen/friviljuge. Frist til departementet er 1. juni 2010.

Departementet viser til Asplan Viak-rapport i 2009 om evaluering av kompetansetilskotet, der det kjem fram at kompetansetilskotet bør brukast på større og meir strategiske oppgåver. Dette skal speglast i bruken av bustadsosialt kompetansetilskot.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal gje ei god oversikt og ei skriftleg vurdering av aktiviteten på dei bustadsosiale verkemidla i alle tertialrapportane.
- Husbanken skal oversende ei oversikt over tapsfond til startlån i kommunane. Frist til departementet er innan 1. juni 2010.
- Husbanken skal lage ei oversikt over alle prosjekt som har motteke kompetansetilskot sidan 2004 og som framleis eksisterer i regi av kommunen/friviljuge. Frist til departementet er innan 1. juni 2010.
- Husbanken skal gjennomføre ei første evaluering av omlegginga til ny bustøtte. Frist til departementet er innan 1. november 2010.

Hovudmål 3: Byggjeprosessen skal vere god og effektiv

Husbanken har ingen oppgåver under dette hovudmålet. Departementet viser til at Byggjekostnadsprogrammet vart avslutta i 2009. Departementet ber Husbanken om å setje seg inn i erfaringane frå programmet, og at dette vert teke inn i Husbanken sitt arbeid der det er relevant.

Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader

Husbanken skal ha høg prioritet på arbeidet med å auke kunnskapen om energi og miljø, universell utforming og god byggjeskikk. Gjennom målretta bruk av tilgjengelege verkemiddel skal Husbanken stimulere til at fleire prosjekt med framtidretta kvalitetar vert realisert.

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg

Husbanken skal følgje opp Bygg for framtida – miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009-2012. Oppfølginga må i naudsynt grad verte samordna med Statens bygningstekniske etat. Husbanken skal også oversende korte nyheitsbrev om interessante tiltak frå planen for presentasjon på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet.

Departementet ber om at Husbanken, i samarbeid med Statens bygningstekniske etat og departementet, tek ansvar for å arrangere ein konferanse hausten 2010 om oppfølging av miljøhandlingsplanen.

Kommunal- og regionaldepartementet har etablert ei arbeidsgruppe for auka energieffektivitet i nye og eksisterande bygg. Statens bygningstekniske etat vil få ansvaret for å dekkje sekretariatsfunksjonar for arbeidsgruppa i samarbeid med Husbanken. Gruppa skal etter planen leggje fram sine framlegg sommaren 2010. Departementet ber om at Husbanken sett av ressursar til å bidra aktivt i arbeidsgruppa. Framlegg frå arbeidsgruppa vil vere del av grunnlaget for ein handlingsplan for auka energieffektivitet i bygg som regjeringa skal leggje fram på eit seinare tidspunkt.

Husbanken skal arbeide for å auke kunnskapen om passivhus og bidra til at tal på passivhus aukar, mellom anna gjennom støtte til kompetansebygging og forsøksprosjekt. Departementet ber om at Husbanken legg vekt på brukarvenleg presentasjon av arbeidet med miljøvenlege bustader og bumiljø på nettsidene sine, og at Husbanken òg brukar NAL-Ecobox sin prosjektdatabase til å formidle informasjon om gode prosjekteksempel. Husbanken må ha eit godt samarbeid med Statens bygningstekniske etat og Enova i innsatsen for lågare energibruk i bustader og bygg og dermed reduserte klimagassutslepp.

Husbanken skal vidareføre samarbeidet med og støtta til Byggemiljø og Lågenergiprogrammet i 2010. Husbanken skal òg støtte by- og bustadutstillinga FutureBuilt, jf. Miljøhandlingsplanen.

Departementet ber om at Husbanken følgjer opp samarbeidsprogrammet Framtidens byer for å få realisert pilotprosjekt med berekraftige kvalitetar. Programmet skal støttast med inntil 5 mill. kr per år, jf. omtale i Bygg for framtida – miljøhandlingsplanen.

Departementet ber om at Husbanken i samarbeid med Statens bygningstekniske etat kjem med eit kortfatta framlegg til korleis etatane kan følgje opp eit revidert bygningsenergidirektiv frå EU innan 1. oktober 2010.

Husbanken vert bedd om å samarbeide med Statens bygningstekniske etat om oppfølging av tilrådingane frå Miljøgiftsutvalet og vurdere tiltak for auka bruk av miljømerka eller miljødeklarerte produkt og materialar i bustader.

Det er behov for betre og meir detaljert statistikk om berekraftige kvalitetar i bustader og bygg finansierte gjennom Husbanken. Arbeidet med å kople data mellom SSB og Husbanken bør prioriterast. Departementet viser til at ny forskrift om energimerking vil tre i kraft i 2010. Departementet har behov for statistikk på omfanget av universelt utforma bustader og talet på bustader/prosjekt med ulike typar miljøklassifisering. Departementet ber Husbanken om å førebu naudsynt registrering av relevante kvalitetar slik at betre statistikk kan utarbeidast frå 1. mai 2010.

Rapporteringskrav:

- Departementet ber Husbanken om ei grundig rapportering av Miljøhandlingsplanen i første tertialrapport. Departementet ber også om at Husbanken legg fram eit miljøprogram for oppfølging av Miljøhandlingsplanen, inkludert eit avsnitt om strategi for vidare arbeid innan 1. juni 2010.
- Framlegg til oppfølging av EU sitt reviderte bygningsdirektiv. Frist er innan 1. oktober 2010.
- Departementet ber om at Husbanken og Statens bygningstekniske etat legg fram ei samla vurdering av korleis etatane kan følgje opp tilrådingane frå Miljøgiftsutvalet, og vurderer tiltak for auka bruk av miljømerka eller miljødeklarerte produkt og materialar i bustader og i byggeverksemda. Frist til departementet er innan 1. desember 2010.
- Departementet viser til Dokument 1 (2009-2010) og Riksrevisjonen sine merknader på grunnlånet. Departementet ber om eit grundig innspel på denne saken i samband med innspel til førsteutkast til Prop. 1 S (2010-2011) om statsbudsjettet for 2011. Frist til departementet er innan 14. mai 2010.

- Departementet ber Husbanken om å presentere ny og meir detaljert statistikk på miljø- og energiområdet frå 2. tertial 2010.

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

Departementet viser til nye krav i teknisk forskrift og ber om at Husbanken stimulerer til at fleire bustader vert universelt utforma, gjennom målretta bruk av grunnlån og andre verkemiddel i Husbanken. Husbanken skal, saman med Statens bygningstekniske etat, halde fram arbeidet med å auke medvit og kompetanse om universell utforming. Departementet ber om at Husbanken legg vekt på brukarvenleg presentasjon av arbeidet med universell utforming på nettsidene sine og at Husbanken også bruker NAL-Ecobox sin prosjektdatabase til å formidle informasjon om gode prosjekteksempel.

I samband med ny handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013 vert det gjennomført eit informasjonsprogram om universell utforming retta mot kommunar, fylkeskommunar, byggje- og eigedomsnæringa og bustadeigarar. Husbanken og Statens bygningstekniske etat skal samarbeide om dette programmet.

Husbanken skal følgje opp andre tiltak i planen på sitt område, mellom anna initiere forskning og utvikling og medverke i arbeidet med indikatorutvikling.

Departementet ber om at Husbanken ser på utforming av krava i grunnlånet i samband med krav til universell utforming i ny teknisk forskrift som trer i kraft 1. juli 2010. Departementet viser òg til at det vil verte ei evaluering av grunnlånet i 2010, jf. omtale under arbeidsmål 1.2.

Departementet ber om at Husbanken samarbeidar med Miljøverndepartementet og Statens bygningstekniske etat om å utarbeide rettleiingsmaterial om universell utforming.

Rapporteringskrav:

- Husbanken skal rapportere på Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2010. Departementet vil gje nærare frist for rapporteringa etter tilbakemelding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

I 2010 skal Groruddalssatsinga særleg rettast mot dei områda som har dei dårlegaste levekåra. For å bidra til berekraftige lokalsamfunn er det naudsynt med ei langsiktig og heilskapleg tilnærming, og å trekke bydelar, bebuarar, organisasjonar, næringsliv og offentlege instansar inn i arbeidet med områdeløft. Ei satsing på fleire områdeløft har som føresetnad at også kommunen vil prioritere desse områda.

Husbanken skal vidareutvikle og tydeleggjere si rolle som nasjonalt kompetansesenter for god byggjeskikk, godt bumiljø og stadsutvikling, jf. St.meld. nr. 25 (2008-2009) om distrikts- og regionalpolitikken. Byggjeskikkarbeidet skal rette seg mot heile det bygde miljøet. Det må sikrast høveleg og tilstrekkeleg kompetanse for rådgjeving om byggjeskikk, bumiljø og stadsutvikling. Departementet ber om at Husbanken samarbeider med kommunar, fylkeskommunar og andre statlege aktørar om kursverksemd og rådgjeving. Husbanken skal utarbeide rettleiing og informasjonsmateriell, sjå rapporteringskrav.

Husbanken skal stimulere til fleire arkitektkonkurransar med mål om å få fram gode referanseprosjekt med lavt energibruk, miljøvenleg materialbruk og universell utforming, i kombinasjon med god visuell utforming.

Husbanken skal halde fram med arbeidet som sekretariat for juryen for Statens byggjeskikkpris, og vidareføre innsatsen på same nivå som i 2009, mellom anna med ei utstilling over vinnarprosjektet og dei nominerte prosjekta. Departementet ber om at Husbanken får utarbeida ein eigen logo for Statens byggjeskikkpris. Det er eit mål at det årlege byggjeskikkseminaret vert arrangert slik at flest mogleg finn høve til å delta. Vinnarbeløpet for prisen er kr 200 000 i 2010.

Husbanken skal medverke til å spreie erfaringane frå programmet BLEST.

Rapporteringskrav:

- Programmet BLEST, BoLyst og Engasjement i Småbyer og Tettsteder, skal sluttevaluerast. Departementet ber om at Husbanken gjev ein kortfatta rapport om BLEST-programmet. Rapporten skal innehalde ei oversikt og ein kort omtale av aktivitetane i programmet, med informasjon om mellom anna omfang, geografi og samarbeidsaktørar. Frist til departementet er innan 15. mai 2010.
- Departementet ber om at Husbanken utarbeider ein rapport om det samla byggjeskikkarbeidet dei siste åra. Rapporten skal innehalde ei oversikt og ein kort omtale av aktivitetane, med informasjon om mellom anna organisering, omfang, deltaking og samarbeidsaktørar. Frist til departementet er innan 15. juni 2010.
- Husbanken skal i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet utarbeide ein rettleiar om byggjeskikk som mellom anna tek for seg omgrepa estetisk utforming, visuell kvalitet og god arkitektonisk utforming. Arbeidet skal starte opp i andre del av 2010.
- Husbanken skal gje ei evaluering av satsinga i Groruddalen i perioden 2007-2010. Husbanken bør i tillegg til å vurdere resultat- og måloppnåing, gje ei vurdering av i kor stor grad, og korleis, det er teke høgde for vedlikehald av investeringar i områdesatsinga i Groruddalen. Frist til departementet er innan 1. kvartal 2011.

Effektiv og brukarorientert forvaltning

I tillegg til oppgåver under hovudmåla for bustad- og bygningspolitikken skal Husbanken ivareta mål om ei effektiv og brukarorientert forvaltning.

Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Husbanken skal halde fram arbeidet med å utvikle modellar og berekningsverktøy som gjer det enklare for sakshandsamarar i kommunane å bruke dei ulike ordningane effektivt.

Husbanken skal syte for at det finst god og oppdatert informasjon til aktuelle brukarar på Husbanken sine nettsider.

Systema i Husbanken skal så langt det er mogleg leggje til rette for elektroniske løysingar (eDialog/eID). Departementet viser òg til vedlegg 3 om felles retningslinjer for offentlege verksemdar.

Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar. Departementet ber om at Husbanken orienterer om planar for brukarundersøkingar på første styringsmøte i 2010.

Rapporteringskrav:

- Brukarundersøking. Rapportering på gjennomført undersøking i 2009 og planar for framtidige brukarundersøkingar på første styringsmøte i 2010.
- Husbanken skal gje ei oversikt over arbeidet med å utvikle og modernisere sakshandsamingssystem og andre IKT-system til andre styringsmøte i 2010.

Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver

Husbanken skal styrkje arbeidet med budsjettering av løyvingane på budsjettpostane. Det skal gjevast grundige vurderingar for endringane og ein god omtale av aktivitet og forbruk på den einskilde post. Målet er ei realistisk budsjettering. Det er eit resultatkrav at avvika i statsrekneskapen skal vere minimale. Innspel til departementet om avvik og endringar skal gje gode forklaringar om føresetnadene som ligg til grunn for berekningane. Krava i reglementet for og bestemmingane om økonomistyring i staten skal følgjast.

Alle tilsegn skal registrerast på ein måte som gjev eit godt bilete av aktiviteten gjennom heile året. Husbanken skal ha status for postane tilgjengelege for departementet, og oversende desse kvar månad.

Rapporteringskrav:

- Oversikt over forbruk og aktivitet på bustøtte og alle låne- og tilskotsordningar skal oversendast for kvar månad i eit excel-ark. Frist til departementet er innan den 20. påfølgande månad.
- Vurderingar frå Husbanken om tapseksponeeringa på dei ulike låneordningane. Desse vurderingane skal synleggjerast i tertialrapporteringa.
- Plan for verksemda i 2010, medrekna overordna risikovurdering. Frist til departementet er 1. kvartal 2010.

III ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

Kommunikasjon og informasjon

Kommunikasjonsarbeidet i Husbanken skal støtte opp under dei strategiane som gjeld for verksemda, og vere basert på gjeldande regelverk som ny offentleglov, ny statleg kommunikasjonspolitikk og forvaltningslov. Openheit og tilgjengelegheit er viktige prinsipp. Det er viktig at Husbanken er lydhøyr og fangar signal i samfunnet som rører ved Husbanken si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid. Det er spesielt viktig at Husbanken gjev god informasjon til aktuelle målgrupper når det gjeld endringar i ordningar, og at kommunikasjon skjer så tidleg som mogleg. Nettsidene er ein kanal som bør vidareutviklast. Husbanken må ha ein strategi for korleis han skal nå fram til målgruppene òg gjennom dei informasjonskanalane som kommunane har sjølv.

Husbanken skal orientere departementet i god tid før offentliggjerung av viktige utgreiingar eller rapportar som Husbanken har utført eller bestilt. I tillegg til å vurdere utgreiingane fagleg, ber departementet Husbanken om å gje sin vurdering av om utgreiingane er av politisk interesse og eventuelt på kva for ein måte. Det må etablerast gode varslingsrutinar mellom Husbanken og departementet, slik at Husbanken i god tid varslar om saker som kan verte store, vanskelege eller kontroversielle i media. Husbanken skal ha tilfredsstillande planer for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del. Departementet ventar at Husbanken gjer resultatane som er oppnådde innanfor sitt politikkområde synlege, og at han tar kontakt med departementet for avklaring om politisk leing kan vere ein del av synleggjeringa.

Risikostyring og internkontroll

Departementet ber Husbanken om å gjennomføre risikoanalysar som eit ledd i si interne styring. Husbanken skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Frist til departementet er innan utgangen av 1. kvartal 2010. Risikovurderingane skal i hovudsak relaterast til målstrukturen i verksemda og integrerast i mål- og resultatstyringa. Den årlege risikoanalysen skal vere eit grunnlag for risikovurderingane i rapporteringa til styringsmøta. Strategiplanar og større

utviklingstiltak skal alltid byggje på risikovurderingar. Vurderingar som avslørar høg risiko for at mål ikkje vert nådde skal inkludere omtale av risikoreduserande tiltak. Departementet viser til rettleiar om risikostyring i staten (SSØ). Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet.

Husbanken skal ha system og rutinar for internkontroll. Dette vert enda viktigare når hovud- og regionstyra er avvikla. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at fastsette mål og resultatkrav vert følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda vert drive i samsvar med god forvaltningsskikk, gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk. Vidare er det viktig å ha fokus på å førebyggje og avdekkje moglege misleghald i forvaltninga av midlar. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomireglementet for staten. Departementet legg til grunn at arbeidet med intern kontroll vert styrkt i 2010, som følgje av at Husbanken har vorte eit forvaltningsorgan.

Riksrevisjonen har sendt Husbanken eit avsluttande revisjonsbrev med merknader for statsrekneskapan for 2008. Merknadene handlar om grunnlånet, arbeidstidsordning med redusert arbeidstid, arbeidstidsordning med manuell eigenkontroll og konsulentkjøp. Departementet ber Husbanken om å ta merknadene til etterretning og gjere dei naudsynte endringane og tilpassingane slik at merknadene vert ivaretekne. Departementet vil i styringsmøta be Husbanken om å rapportere på framdrift i dette arbeidet.

Departementet ber Husbanken om å kunngjere tilskotsordningane. Siktemålet er at alle ordningar skal vere kjente, og at alle i målgruppa skal ha dei same føresetnadene for å søkja om tilskot.

Departementet viser spesielt til at regelverket om offentlege innkjøp skal prioriterast høgt i verksemda. Husbanken skal følgje regelverket.

Informasjonstryggleik

Departementet viser til Nasjonale retningslinjer for å styrkje informasjonstryggleiken 2007-2010 (spesielt kapittel 3).

- Etatane skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT-system og informasjon skal risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT-system/-løysingar skal, før dei vert sett i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det er tilrådd at tryggleiksarbeidet følgjer godkjente standardar.
- Hendingar som truar eller kompromitterer IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Departementet viser òg til vedlegg 3 og 4 om IKT-arkitektur og prinsipp for planlegging av IKT-løysingar.

Rapportering i samhøve med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova om målform i sentrale og regionale statsorgan og § 6 i forskriftene til lova om krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma. Departementet ber Husbanken om å rapportere på dette i årsmeldinga.

Personalpolitikk

Personalpolitikken i statleg sektor har som mål:

- å støtte opp om fornying og effektivisering av statleg sektor
- å rekruttere, utvikle og behalde kvalifiserte og motiverte medarbeidarar
- eit inkluderande arbeidsliv prega av mangfald, jf. mellom anna forlenging av IA-avtalen.

Offentlege verksemdar har plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Frå 1. januar 2009 gjeld desse pliktene kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet og religion. Pliktene er nedfelt i likestillingslova, diskrimineringslova og den nye diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.

Lovene inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som skal setjast i verk for å fremje føremåla i lova. Dette skal innarbeidast i årsmeldinga og i Prop. 1 S. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) arbeider med ein mal for rapportering for statlege verksemdar. Kommunal- og regionaldepartementet vil derfor kome tilbake med informasjon om rapporteringsindikatorar og mal for rapportering.

Barne- og likestillingsdepartementet ga i 2009 ut rettleiaren *Hvordan fremme likestilling og hindre diskriminering*, som finst på nettsidene til BLD, under Dokument/Rettleiingar og brosjyrar. I tillegg har Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) gjeve ut *Håndbok for arbeidslivet – Likestilling og mangfold*, som finst på nettsidene til LDO, under Handbøker og brosjyrar.

Internasjonalt arbeid

Husbanken skal følgje med på trendar og utvikling i andre land som har relevans for norsk bustadpolitikk. Utviklinga i EU og dei nordiske landa står særleg sentralt. Husbanken skal ved behov hjelpe departementet i saker om EU/EØS.

Departementet viser til tillegg til tildelingsbrev av 1. juli 2009 der Husbanken vart bedd om å laga ei utstilling til det femte World Urban Forum (WUF) som vert arrangert 22.-26. mars 2010 i Rio de Janeiro i Brasil. I tillegg kan Husbanken òg dekkje ekstrakostnader som måtte følgje av endring i utstilling.

Departementet viser elles til gjeldande internasjonal strategi for departementet når det gjeld rolle- og arbeidsdeling mellom Husbanken og departementet. Departementet ber Husbanken om innspel til revidert strategi for 2010-2013.

FoU

Departementet skal i 2010 revidere sin FoU-strategi og utarbeide ein ny strategi for åra 2011-2014. Departementet ber Husbanken kome med eit skriftleg innspel til ein slik strategi. Departementet vil også innkalle Husbanken til møte om dette, og kome tilbake med fristar for eit slikt arbeid. I dette møtet vil vi også drøfte rollefordelinga mellom Forskingsrådet, departementet og Husbanken, mellom anna når det gjeld det planlagde forskingsprogrammet "Boligen og velferdssamfunnet".

Husbanken skal halde departementet fortløpande orientert om FoU-opdrag som vert sette i gang i bustad- og bygningspolitikken. Alle forskingsrapportar som vert sendte til departementet, skal inkludere eit notat der Husbanken gjev sine vurderingar og tilrådingar. Notatet skal oversendast i framkant av offentleggjering av rapportane.

Husbanken skal i 2010 arrangere to seminar, eit for å formidle resultat og røynsle av forskning og utgreiing på det bustadsosiale området og eit tilsvarande innanfor temaet berekraftig kvalitet.

Departementet ber om å få tilsendt tre eksemplar av alle forskings- og evalueringsrapportar som Husbanken oversender. Rapportane skal også sendast som .pdf-fil til departementet via e-post. Departementet ber òg om at det i alle oppdrag som Husbanken bestiller, vert stilt krav om eit engelsk samandrag av rapporten, som skal leverast som ei eiga datafil med framside. Vi ber også Husbanken om å ta inn i sine forskings- og utgreiingskontrakter at det må påreknast at prosjektet skal presenterast for departementet, og at publisering må vere avtalt slik at departementet får høve til å gjere seg kjent med innhaldet.

IV BUDSJETTILDELING FOR 2010

Departementet viser til Innst. 5 S (2009-2010), Innst. 16 S (2009-2010) og Prop. 1 S (2009-2010) for Kommunal- og regionaldepartementet, og til forskrifter og retningslinjer for bustøtta og låne- og tilskotsordningane som Husbanken forvaltar.

Følgjande utgifter og inntekter vert stilt til disposisjon for Husbanken i 2010:

Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
580	Bustøtte	
	70 Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	3 592 200
581	Bustad- og bumiljøtiltak	
	61 Husleigetilskot	21 500
	74 Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, <i>kan overførast</i>	43 000
	75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, <i>kan overførast</i>	896 100
	77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, <i>kan overførast</i>	9 900
	78 Bustadsosialt kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	79 300
582	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg	
	60 Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	485 300
	61 Rentekompensasjon kyrkjebygg, <i>kan overførast</i>	69 100
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar	
	63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 211 100
	64 Investeringsstilskot, <i>kan overførast</i>	901 250
2412	Husbanken	
	1 Driftsutgifter	308 550
	45 Større utstyrsframskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 400
	71 Tap på utlansverksemd	25 000
	72 Rentestønad	18 000
	90 Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	14 008 100

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
5312	Husbanken	
	1 Gebyr m.m.	19 400
	90 Avdrag	8 964 400
5615	Husbanken	
	80 Renter	3 856 700

Meirinntektsfullmakt

Husbanken kan i 2010 overskride løyvinga på kap. 2412, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarende meirinntekt på kap. 5312, post 1 Gebyr m.m., jf. romartalsvedtak IV i Innst. 16 S (2009-2010).

Oversikt over løyving, tilsegnfullmakter og tilsegnsrammer for 2010

Tabellen under gjev ei oversikt over løyving, tilsegnfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane som vert budsjettert på denne måten, jf. Innst. 16 S (2009-2010). Det vert vist til romartalsvedtak V for tilsegnfullmakter.

		<i>(i mill. kr)</i>			
Kap.	Post	Løyving	Tilsegnfullmakt	Tilsegnsramme	
581	75	Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader	896,1	333,9	731,1
581	77	Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet	9,9	23,1	33,0
581	78	Bustadsosialt kompetansetilskot	79,3	72,0	69,5
586	64	Investeringstilskot	901,25	1 715,3	1 347,5

Kap. 580 Bustøtte

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Departementet viser til Prop. 1 S (2009-2010). Satsane for eigendelen i bustøtteregulverket vil verte justerte 1. juli 2010 samstundes med at nye inntektsopplysingar vert lagde til grunn for berekningane. Departementet arbeider med å fastsetje nye reglar for korleis satsane i bustøtta skal verte justerte i åra framover, i takt med auken i løner og buutgifter. Husbanken vil verte varsla om dei nye reglane i god tid før nye likningsdata skal leggjast til grunn for utrekninga av bustøtta frå 1. juli 2010.

Husbanken vert bedd om å halde den høge kompetansen som no er opparbeidd med å vurdere konsekvensar av endringane i reglane i bustøtta ved like. Samstundes ber vi om at det kontinuerlege arbeidet med å budsjettere og konsekvensjustere bustøtta vert styrkt.

For å hindre at bustøtta vert utbetalt til nokon som ikkje har krav på ytinga, er det viktig at Husbanken har gode system for å førebyggje feilutbetalingar. Samstundes er det viktig å avdekkje misbruk av ordninga i ettertid. Departementet ber om ei skriftleg framstilling av det arbeidet innan 1. juli 2010.

Departementet viser til Innst. 16 S (2009-2010) frå kommunal- og forvaltningskomiteen. Komiteen ber om at regelverket for formuesgrenser i bustøtta vert vurdert i lys av at det er gjort framlegg om å endre reglane for berekning av likningsverdien for bustad, slik at mottakarar av bustøtte ikkje vert ramma utilsikta. Departementet ber Husbanken om innspel på dette til førsteutkast til Prop. 1 S (2010-2011). Frist til departementet er innan 14. mai 2010.

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

Post 61 Husleigetilskot (ny post)

Tilskotet er nytt av 2010, og skal gå til leigetakarar i regulerte bustader i Oslo kommune som får problem med å betale gjengs leige når husleigereguleringa vert avvikla 1. januar 2010.

Husbanken skal vidaretildele midlane til Oslo kommune. Oslo kommune skal utarbeide forskrift for tilskotet, administrere tildelinga av tilskotet, og rapportere til Husbanken om bruk av midlane. Husbanken skal vidareformidle rapporteringa frå kommunen i tertialrapportane. I 2010 skal Husbanken innan 15. mars sende departementet ei mellombels vurdering av forventa forbruk på posten i 2010.

Post 74 Tilskot til bustad-, og by- og områdeutvikling, kan overførast

Løyvinga skal i sin heilskap rettast mot satsinga som regjeringa har i Groruddalen.

Post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader, kan overførast

Den totale tilsegnsramma for 2010 er på 731,1 mill. kr. Delen av tilsegnsramma som skal gå til tilskot til utleigebustader er på 311,2 mill. kr. Omprioriteringar innanfor den totale tilsegnsramma skal takast opp med departementet i samband med eit eventuelt budsjettinnspel. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2008 og 2009, og tilsegn som vil verte utbetalt i 2010, vert det gjeve ei løyving på 896,1 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 333,9 mill. kr i 2010.

Bustadtilskot til utleigebustader kan i særlege tilfelle og etter gjevne kriterium gjevast med inntil 40 pst. tilskotsutmåling dersom det finst plan for heilskaplege oppfølgingstenester. Departementet legg til grunn at det er ei effektiv og fleksibel tilskotsutmåling i dei einskilde prosjekta.

Departementet viser til at det i 2009 vart øymerka 5 mill. kr frå denne posten til prosjektering av og investering i heis i eksisterande bustadbygg. Denne øymerkinga på 5 mill. kr skal vidareførast i 2010.

Det kan verte gjeve bustadtilskot til kommunar til tapsfond for startlån. I 2010 kan det unntaksvis verte opna for å setje av midlar til tapsfond. Det skal skje etter ein grundig gjennomgang av låneaktiviteten i den einskilde kommune.

Kompetansetilskot

Stortinget har vedteke å dele kompetansetilskotet i to budsjettpostar frå 1. januar 2010:

- Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet (kap. 581, post 77)
- Bustadsosialt kompetansetilskot (kap. 581, post 78)

Departementet er i gang med å utforme ei forskrift for kvar tilskotspost, men dei vert ikkje klare for ikraftsetjing 1. januar 2010. Forskrift av 22. desember 2004 nr. 1757 vert oppheva frå 1. januar 2010. Departementet gjev i dette brevet mellombelse retningslinjer for tilskota som gjeld fram til nye forskrifter trer i kraft (jf. omtalen under kvar post). Departementet vil inkludere Husbanken i arbeidet med å utarbeide nye forskrifter for tilskota, og ettersende dei når dei er ferdige.

Post 77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, kan overførast (ny post)

Tilskotet er ei direkte vidareføring av tidlegare post 78 Kompetansetilskotet, der føremåla knytte til bustad- og byggkvalitetar er innlemma.

Tilsegnsramma for 2010 er på 33 mill. kr, med ei tilhøyrande løyving på 9,9 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 23,1 mill. kr. Tilsegn som er gjeve tidlegare år frå post 78 Kompetansetilskotet til føremåla som no vert dekkja på post 77, vil verte utbetalt frå løyvinga på 78-posten når prosjekta er ferdige. Tilsegn til desse føremåla vil frå og med 2010 verte gjeve på post 77.

Departementet viser til Bygg for framtida – miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren der det framgår at ei støtte på 5 mill. kr skal verte gjeve til samarbeidsprogrammet Framtidas byer. Departementet viser òg til at Husbanken skal støtte FutureBuilt (tidlegare By- og bustadutstillinga Oslo-Drammen) når prosjektet er forankra politisk i kommunane.

Mellombelse retningslinjer for tilskotet:

Målet med Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet er å bidra til å heve kompetansen innanfor hovudmål 4 i bustad- og bygningspolitikken: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader.

Kriterium for måloppnåing

Departementet ber Husbanken om å fastsetje kva opplysningar som skal hentast inn frå tilskotsmottakar eller eventuelt andre kjelder for å belyse måloppnåinga, i tråd med reglementet og bestemmingane om økonomistyring i staten og tidlegare praksis for kompetansetilskotet.

Tildelingskriterium

Tilskotet skal medverke til følgjande utviklingsområde:

- kunnskapsutvikling, forskning, støtte til forsøksprosjekt og formidling av informasjon om energibruk og miljø- og klimavenlege løysingar i bustader og bygg
- kompetanseutvikling, forskning, støtte til forsøksprosjekt og formidling av informasjon om universell utforming, tilgjengelegheit og brukbarheit i bustader, bygg og uteområde

- kunnskapsutvikling, forskning og formidling av informasjon om berekraftig byggjeskikk

Organisasjonar som arbeider for å sikre personar med nedsett funksjonsevne gode buforhold, kan òg få tilskot.

Husbanken kan ikkje gje tilskot til å løyse lovpålagte oppgåver i kommunane eller som generell driftsstøtte til organisasjonar og liknande. Husbanken kan heller ikkje sjølv vere mottakar av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Husbanken skal gje detaljerte føringar for bruken av tildelte midlar gjennom tilskotsbrev etter Reglement for økonomistyring i staten, kap. 6.3. Det skal rapporterast på kvart tiltak. Med mindre prosjekta inneheld sensitiv personinformasjon, er det ein føresetnad at resultatane er offentlege og kan presenterast og vidareformidlast til brukarane. Rapportar om gjennomførte tiltak må publiserast på Husbanken sine nettsider.

Post 78 Bustadsosialt kompetansetilskot, kan overførast

Tilskotet er ei direkte vidareføring av tidlegare post 78 Kompetansetilskotet, der dei bustadsosiale føremåla er innlemma.

Tilsegnsramme for 2010 er på 69,5 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2008 og 2009, og tilsegn som kjem til utbetaling i 2010, vert det gjeve ei løyving på 79,3 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 72 mill. kr.

Mellombelse retningslinjer for tilskotet:

Målet med Bustadsosialt kompetansetilskot er å bidra til å heve kompetansen innanfor bustadsosialt arbeid og bustadsosial politikk, og til å formidle kunnskap o.a. om bustadmarknaden og offentleg bustadpolitikk generelt.

Kriterium for måloppnåing

Departementet ber Husbanken om å fastsetje kva opplysningar som skal hentast inn frå tilskotsmottakar eller eventuelt andre kjelder for å belyse måloppnåinga, i tråd med reglementet og bestemmingane om økonomistyring i staten og tidlegare praksis for kompetansetilskotet.

Tildelingskriterium

Tilskotet skal medverke til følgjande utviklingsområde:

- kunnskapsutvikling om bustadsosialt arbeid gjennom forskning, utgreiing og forsøksprosjekt
- bustadsosial planlegging og gjennomføring av bustadsosial politikk i kommunane

- formidling av kunnskap, gode eksempel, planleggingsverktøy o.a. til aktørane på bustadmarknaden
- kunnskapsutvikling om bustadmarknaden og offentleg bustadpolitikk

Husbanken kan ikkje gje tilskot til å løyse lovpålagte oppgåver i kommunane eller som generell driftsstøtte til organisasjonar og liknande. Husbanken kan heller ikkje sjølv vere mottakar av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Husbanken skal gje detaljerte føringar for bruken av tildelte midlar gjennom tilskotsbrev etter Reglement for økonomistyring i staten, kap. 6.3. Det skal rapporterast på kvart tiltak. Med mindre prosjekta inneheld sensitiv personinformasjon, er det ein føresetnad at resultatane er offentlege og kan presenterast og vidareformidlast til brukarane. Rapportar om gjennomførte tiltak må publiserast på Husbanken sine nettsider.

Kap. 582 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg

Post 60 Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg, kan overførast

Investeringsramma vert frå og med 2010 utvida med 2 mrd. kr. Husbanken kan gje tilsegn i tråd med romartalsvedtak VI i Innst. 16 S (2009-2010) på inntil 2 mrd. kr i 2010. Løyvinga på 485,3 mill. kr skal gå til å dekkje renteutgifter for den nye investeringsramma i 2010 (28 mill. kr i halvårseffekt) og til å dekkje renteutgifter knytt til tidlegare gjeve investeringsrammer.

Departementet viser til at ordninga vert utvida slik at kommunar og fylkeskommunar innanfor si tildelte ramme kan søkje om rentekompensasjon til rehabilitering av skulebygg på vegne av private grunnskular og private vidaregåande skular med rett til statstilskot. Det skal ikkje kunne søkjast om rentekompensasjon for investering i nybygg eller symjeanlegg for private skular.

Departementet viser til at ny forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investering i skular og symjeanlegg i Husbanken vart sett i kraft 1. januar 2010 (sjå vedlegg 5).

Post 61 Rentekompensasjon kyrkjebygg kan overførast

Løyvinga på 69,1 mill. kr skal gå til å dekkje renteutgifter knytt til investeringsrammer som er gjeve tidlegare år. Det er inga ny investeringsramme i 2010.

Departementet viser til Finansdepartementet sin Prop. 61 S (2009-2010) Ny saldering av statsbudsjettet 2009 og tilhøyrande Innst. 16 S (2009-2010) frå finanskomiteen. Regjeringa varslar at ho vil kome tilbake til Stortinget tidleg i 2010 med omsyn til udisponert investeringsramme i 2009 på denne ordninga.

Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar

Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag

Løyvinga skal gå til å dekkje utgifter til renter og avdrag på lån til alle som har fått oppstartingstilskot (post 60). Løyvinga er 1 211,1 mill. kr i 2010.

Post 64 Investeringsstilskot, kan overførast

Husbanken skal prioritere arbeidet med å skaffe fleire omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Husbanken og kommunen skal arbeide saman om prosjekt som fylkesmannen har prioritert, sjå Prop. 1 S (2009-2010) KRD, side 129. Husbanken skal sikre at dei krav som er nedfelt i retningslinjene for ordninga vert oppfylte. Dette gjeld mellom anna at det som vert bygd skal nyttast til personar med behov for heildøgns helse- og sosialtenester i samsvar med føremålet for ordninga.

Vidare skal Husbanken særskilt sikre at tilskotet vert nytta til bygg som er tilpassa personar med demens og kognitiv svikt, i form av små avdelingar og bufellesskap med rom for aktivitetar og tilgang til tilpassa uteareal. Om naudsynt kan Husbanken søkje fagleg råd og bistand frå Fylkesmannen i dette arbeidet.

Dette er ei viktig oppgåve for regjeringa og Husbanken skal prioritere deltaking i styringsgruppa som er etablert mellom dei ulike departementa og etatane. Departementet viser til møte mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Husbanken i 2009, som omhandla behov for betre rapportering på ordninga. Departementet ber om at Husbanken følgjer opp dette i 2010.

Tilsegnssramme for 2010 er på 1 347,5 mill. kr, som skal bidra til etablering av 2500 nye omsorgsbustader og sjukeheimsplassar i 2010. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2008 og 2009, og tilsegn som kjem til utbetaling i 2010, vert det gjeve ei løyving på 901,25 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 1 715,3 mill. kr i 2010.

Departementet viser til Tillegg til tildelingsbrev 2008 av 12. februar 2008, der det vart gjort greie for den fylkesvise fordelinga av totalramma for 2008-2015. Den fylkesvise fordelinga i planperioden fram mot 2015 er uendra. Husbanken får fullmakt til å fordele dei årlege tilsegnssrammene etter behov, slik at den totale fordelinga i planperioden vert nådd.

Dei maksimale tilskotssatsane er prisjusterte, og er kr 431 000 for omsorgsbustader og kr 647 000 for sjukeheimsplassar, innanfor ein maksimal anleggskostnad på 2,157 mill. kr. Omsyn til miljø og universell utforming skal følgjast opp i samband med tildeling av tilskot.

Helsedirektoratet skal utarbeide ei samla årsmelding for Omsorgsplan 2015 som investeringstilskotet er ein del av. Departementet føreset at Husbanken utarbeider sin del av denne årsmeldinga i samarbeid med Helsedirektoratet.

Kap. 2412 Administrasjonsbudsjettet til Husbanken

Post 1 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehold

Husbanken skal ha ein effektiv administrasjon. Prioriteringane som vert gjevne gjennom tildelingsbrevet skal i størst mogleg grad reflektere ressursbruken på administrasjonsbudsjettet.

Departementet viser til Innst. 16 S (2009-2010) frå kommunal- og forvaltningskomiteen og til omtale og rapporteringskrav under målet om effektiv og brukarorientert forvaltning. Komiteen har merka seg omtalen av investeringsmidlar til IKT-systemet som skal moderniserast i samband med mellom anna overgang til elektronisk lånesakshandsaming. Komiteen forventar at det vert greidd ut for uttaket av rasjonaliseringsgevinstar som følgje av denne investeringa i neste års budsjett. Departementet ber Husbanken om å følgje opp dette i første tekstinnspeil til statsbudsjettet for 2011.

Utlånsverksemda i Husbanken

Husbanken er gjevne ei låneramme på 15 mrd. kr i 2010, jf. romartalsvedtak IV i Innst. 5 S (2009-2010).

Startlånet skal ha prioritet innanfor låneramma i 2010. Startlånet skal vere eit godt verkemiddel for at unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunne skaffe seg ein eigen bustad. Grunnlånet skal fremje kvalitetar som universell utforming og miljø, både gjennom utbetring av eksisterande bustader og bygging av nye.

Lån til barnehagar er viktig for å sikre nok barnehagar i kommunane, jf. Innst. 16 S (2009-2010). Departementet ber Husbanken om å gjere ei grundig kredittvurdering av det einskilde prosjekt. Barnehageprosjektet skal vurderast i lys av dekningsprosenten i kommunen.

Departementet viser til Prop. 1 S (2009-2010) Kommunal- og regionaldepartementet for oversikt over endringar i budsjettering og rekneskapsføring av lånepostane i Husbanken. Endringane gjeld frå og med statsbudsjettet for 2010. Grunnfondet og risikofondet i Husbanken vert avvikla frå og med 1. januar 2010, jf. romartalsvedtak IX i Innst. 16 S (2009-2010).

Husbanken har over tid hatt låge tap på sine utlån. I 2009 var etterspurnaden etter husbanklån stor, og låneramma vart auka to gonger. Etter det nye systemet for budsjettering skal Husbanken frå og med 2010 ha ein eigen post for tap på låneverksemda. Departementet ber Husbanken om å følgje med tapsutviklinga på alle låneordningar, jf. styringsparameter og rapporteringskrav under målet om effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver. Husbanken må varsle umiddelbart dersom han ser ei uønskt utvikling. Departementet ber spesielt om at tapsfonda til startlån i kommunane vert nøye følgt opp i 2010, og at Husbanken rapporterer på dette til det

andre styringsmøtet, jf. rapporteringskrav under arbeidsmål 2.3. Husbanken kan vurdere om det unntaksvis for nokre kommunar kan vere aktuelt å setje av midlar til tapsfond for startlån.

Fastsetting av flytande og faste renter i Husbanken

Frå og med 2010 vert det òg endringar i fastsetting av flytande og faste renter i Husbanken. Finansdepartementet vil oversende eit brev om korleis grunnlaget for rentefastsettinga, medrekna renter for dei ulike løpetidene og betalingsfrekvensar.

Observasjonsperioden for fastsetting av flytande renter vert endra frå tre til to månader. Ny rente trer i kraft to månader etter fullført observasjonsperiode. Den flytande renta i Husbanken kan dermed verte endra seks gonger i året mot tidlegare fire gonger. Ny flytande rente frå 1. januar 2010 for utlån i Husbanken skal dermed ta utgangspunkt i observerte renter frå september og oktober 2009. Kortare observasjonsperiode og raskare renteendringar av flytande rente gjer at statsrentene i større grad følgjer utviklinga i marknadsrentene.

Ny fastrente trer i kraft ein månad etter fullført observasjonsperiode. Det vil seie at fastrentene frå 1. januar 2010 skal vere berekna ut frå observasjonar i november 2009. Kundane i Husbanken må ta ei avgjerd med bindande verknad 21 dagar etter fullført observasjonsperiode. Ved vidareføring av fastrenteavtalar må kunden ta ei avgjerd innan 24 dagar etter fullført observasjonsperiode.

Berekning av over- og underkurs ved overgang frå fast til flytande rente skal gjerast i samsvar med § 10 i forskrift til Finansavtaleloven om låneavtalar av 11. februar 2002.

Husbanken skal leggje ut konkrete definisjonar og forklaring av metode for å rekne ut flytande og fast rente på sine nettstader, saman med kvalitetssikra renteobservasjonar av flytande og fast rente. Med utgangspunkt i renteobservasjonane skal det verte rekna ut ei årleg effektiv rente og aktuelle nominelle renter etter betalingsfrekvens. Departementet viser til openheitsbrevet som Finansdepartementet sendte til Husbanken 17. desember 2009 for nærare omtale og meir informasjon om endringane i rentefastsettinga.

Departementet vil fastsetje ei forskrift om rente- og avdragsvilkår i Husbanken.

Andre ordningar

Tilskot til studentbustader

Kunnskapsdepartementet vil i eit eige tildelingsbrev gje løyving til tilskotsordninga og føringar for arbeidet som Husbanken gjer med studentbustader.

V KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom Husbanken og departementet består hovudsakeleg av styringsmøte og rapportering på mål og resultat for bestemte periodar. Departementet vil kalle inn til tertialvise styringsmøte òg i 2010. Styringsmøta i mars og oktober vert haldne i departementets lokalar. Departementet ber Husbanken om å arrangere styringsmøtet i juni på eit av regionkontora.

Departementet ber om at Husbanken sender inn ei månedleg rapportering på lån, tilskotspostane og bustøtta, som viser status på forbruk og aktivitet. Husbanken skal gje ei oversikt over kva som er utbetalt og gjeve tilsegn om på kvar post, og ei forklaring ved avvik. Rapporteringa skal sendast elektronisk til KRD seinast den 20. påfølgande månad, jf. fristar i vedlegg 2.

Den månedlege rapporteringa må sjåast i samanheng med tertialrapporteringa som Husbanken skal sende inn i framkant av kvart styringsmøte. Tertialrapporteringa skal fokusere på måloppnåing og risikovurdering, medan detaljane på budsjettpostane vert teke i dei månedlege rapportane. Tertialrapportering på måloppnåing skal vere departementet i hende seinast den 10. i den andre månaden etter utløpet av rapporteringsperioden, jf. vedlegg 2. Husbanken skal rapportere på satsingsområda, hovud- og arbeidsmåla, anna rapporteringskrav og styringsparametrar. I denne rapporteringa skal Husbanken gje ei risikovurdering der risikoreduserande tiltak er inkluderte, jf. omtale under kap. II Andre føringar frå departementet. Endringar i risikobiletet skal vere fast tema på styringsmøta. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal Husbanken rapportere til departementet umiddelbart. Vedlegg 1 har ei oversikt over styringsparametrane. I tillegg er det rapporteringskrav under arbeidsmåla i kapittel I Mål og resultat for 2010. Departementet ber Husbanken om å merke seg at dette ikkje er ei uttømmende liste over kva som vil vere føremålstenleg for Husbanken å rapportere på.

Det skal verte gjeve gode analysar av status for arbeidsmåla i rapporteringa frå Husbanken. Målstrukturen skal vere synleggjort i alle styringsdokument slik at ein oppnår konsistens og samanheng. Vidare skal Husbanken leggje vekt på avvik frå venta utvikling, og på høveleg vis gjere framlegg om korrigerande tiltak. Departementet ber Husbanken om at rapporteringa og statistikken så langt det lar seg gjere, vert fordelt på kjønn. Husbanken skal òg rapportere på eventuell ulikskap. Husbanken må i 2010 fortsetje arbeidet med å utvikle styringsparametrar som kan gje eit føremålstenleg bilete på måloppnåinga. Departementet ber om at eventuelle innspel på styringsparametrane vert oversendte innan 1. november 2010.

Dei tertialvise rapportane skal ha ei oversikt og kort beskriving av forskings- og utgreiingsprosjekt som har fått tilskot frå Husbanken. Oversikta over prosjekta skal

fordelast på mottakarar, tema/føremål, beløp og tidspunkt for når dei skal vere ferdigstilte.

Husbanken skal utarbeide ei årleg framstilling av arbeidet sitt. Den foreløpige årsmeldinga for 2009 skal vere departementet i hende seinast 20. februar 2010. Endeleg årsmelding skal oversendast departementet innan 31. mars 2010. Årsmeldinga skal mellom anna innehalde ein omtale av sjukefråværet og tiltak for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Departementet vil syte for at ein kopi av årsmeldinga vert oversendt til Riksrevisjonen. Departementet ber om at all korrespondanse Husbanken har med Riksrevisjonen vert sendt med kopi til departementet.

Husbanken er som ein del av statstenesta omfatta av etiske retningslinjer. Desse retningslinjene er meint å vere generelle rettesnorar som krev refleksjonar frå den einskilde tilsette. Fornyings- og administrasjonsdepartementet føreset at kvar einskild verksemd med utgangspunkt i retningslinjene vidareutviklar og styrkjer det etiske medvitet blant dei tilsette, og slik legg eit godt grunnlag for å gje leiarar og tilsette høve til etisk refleksjon. Kvar einskild verksemd må vurdere behovet for å supplere med eigne retningslinjer tilpassa verksemda sitt behov. Retningslinjene er samla på Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine nettsider, under Dokument/Rettleiingar og brosjyrar. Departementet ber Husbanken omtale arbeidet i årsmeldinga.

Budsjettarbeidet går over heile året. Departementet ber om at elektronisk kopi av kassarapportane vert sendte til bustad- og bygningsavdelinga kvar månad (til seksjonsleiar i økonomi- og etatsstyringsseksjonen). Husbanken skal i tillegg gje innspel til departementet til dei ulike budsjetttrundane gjennom året. Tentative fristar kjem fram av vedlegg 2. Departementet vil kome tilbake til endelege fristar og opplegg for innspel i eigne brev.

Husbanken kan òg verte bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelde svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget, og ved einskildsaker.


Departementet viser til vedlegg 3 om felles retningslinjer for offentlege verksemdar.

VI RELEVANTE DOKUMENT

- Prop. 1 S (2009-2010) Kommunal- og regionaldepartementet, jf. Innst. 16 S (2009-2010) og Innst. 5 S (2009-2010)
- Prop. 1 S (2009-2010) Statsbudsjettet (Gul bok)
- Meld. St. 1 Nasjonalbudsjettet 2010, jf. Innst. 2 S (2009-2010)
- Prop. 1 S (2009-2010) Arbeids- og inkluderingsdepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Helse- og omsorgsdepartementet

- Prop. 1 S (2009-2010) Justis- og politidepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Barne- og likestillingsdepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Miljøverndepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Kunnskapsdepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Kultur- og kyrkjedepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Olje- og energidepartementet
- St.prp. nr. 11 (2008-2009) Ei styrkt bustøtte
- Ot.prp. nr. 6 (2008-2009) Om lov om Husbanken
- Dokument 1 (2009-2010) Riksrevisjonens rapport om den årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2008
- Reglementet for og bestemmingane om økonomistyring i staten
- Rettleiar frå Senter for statlig økonomistyring om evaluering av statlege tilskotsordningar

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

1. Oppllegg for mål- og resultatstyring i 2010
2. Kalender for styringsdialogen i 2010
3. Felles retningslinjer for offentlege verksemder
4. Prinsipp for planlegging av IKT-løysingar
5. Ny forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investeringar i skule- og symjeanlegg
6. Revidert hovudinstruks om økonomiforvaltninga i Husbanken

Kopi til:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Barne- og likestillingsdepartementet
Finansdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet

Husleietvistutvalget i Oslo og Akershus
Justis- og politidepartementet
Kultur- og kirke departementet
Kunnskapsdepartementet
Miljøvern departementet
Riksrevisjonen
Statens bygningstekniske etat

Vedlegg 1: Opplegg for mål- og resultatstyring i 2010

Styringsparametrane i tabellen nedanfor vil vere eit viktig grunnlag for tertialrapporteringa Husbanken skal levere i framkant av styringsmøta. Departementet viser òg til rapporteringskrava under kvart arbeidsmål, sjå kapittel II Mål og resultat for 2010.

MÅL OG RESULTAT I 2010	HYPPIGHET/ TIDSPUNKT
Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren	
<i>Styringsparametrar</i>	
Talet på krav om utkastning, gjennomførte utkastningar og tvangssal.	Tertialvis
Delen av hushald som eiger og leiger bustaden sin.	Tertialvis
Talet på fullførte bustader.	Tertialvis
Talet på fullførte bustader per 1000 innbyggjar.	Tertialvis
Den realdisponerte inntekta til hushald.	Tertialvis
Delen av arbeidsaktive personar.	Tertialvis
Delen av arbeidsledige på landsbasis.	Tertialvis
Utviklinga av den gjennomsnittlege utlånsrenta.	Tertialvis
Talet på bustader som har meir enn 90 pst. lånefinansiering frå Husbanken.	Tertialvis
Talet på bustader i burettslag som er husbankfinansierte utan sikringsordning.	Årleg
Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet	
<i>Styringsparametrar</i>	
Spareraten til hushald.	Tertialvis
Utviklinga i byggjekostnader.	Tertialvis
Gjennomsnittspris på brukte bustader.	Tertialvis
Talet på påbegynte bustader.	Tertialvis
Utviklinga i leigeprisar.	Tertialvis
Gjennomsnittspris på nye bustader.	Årleg
Arbeidsmål 2.1: Auka førebygging og avskaffing av bustadløyse	
<i>Styringsparametrar</i>	
Talet på husstandar som oppheld seg i mellombelse butilbod.	Årleg (KOSTRA)
Talet på husstandar som oppheld seg i mellombelse butilbod i meir enn 3 månadar.	Årleg (KOSTRA)
Kravet er at ingen skal opphalda seg i mellombelse butilbod i meir enn 3 månadar.	
Talet på husstandar som har budd på nattheim.	Årleg (KOSTRA)
Bruken av korttidskontraktar i kommunane.	Årleg (KOSTRA)
Talet på samarbeidsavtalar mellom kommunar og forvaltningsinstansar, medrekna kriminalomsorga og helseføretaka knytt til rus og psykiatri.	Tertialvis
Talet på utviklingstiltak som er sett i gang for bustadlause, medrekna tiltak for bustadlause med barn.	Tertialvis
Talet på utviklingstiltak som har ført til etablerte langtidstiltak for bustadlause.	Årleg
Talet på gjennomførte arrangement for kompetanseoppbygging og erfaringsutveksling om bustadløyse.	Tertialvis
Arbeidsmål 2.2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane	
<i>Styringsparametrar</i>	
Del av bustadsosialt kompetansetilskot som går til kommunar.	Tertialvis

Talet på arrangement som Husbanken har ansvaret for og som har mål om å auke den bustadsosiale kompetansen i kommunane.	Tertialvis
Talet på kommunar som har delteke på dei bustadsosiale arrangementa som Husbanken har hatt ansvar for.	Tertialvis
Talet på kommunar som har sett i gang bustadsosiale utviklingstiltak.	Tertialvis
Talet på kommunar som har etablert og vedteke bustadsosiale handlingsplanar i kommunestyret.	Tertialvis
Talet på deltakarar frå kommunane i bustadsosialt studium.	Årleg

Arbeidsmål 2.3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane

Styringsparametrar

Bruken av verkemidla fordelt på målgrupper og kommunetype.	Tertialvis
Tal på tilsegn om tilskot til utleigebustader.	Tertialvis
Del av tilsegn gjeve til utleigebustader fordelt etter utbetalingsår.	Tertialvis
Delen av tilsegnssramma for bustadtilskotet avsett til utleigebustader som er nytta. Kravet er at gjeldande ramme vert fullt ut nytta.	Tertialvis
Tal på gjevne tilsegn om grunnlån til utleigebustader til vanskelegstilte.	Tertialvis
Del av tilsegn gjeve til utleigebustader frå grunnlån fordelt etter utbetalingsår.	Tertialvis
Tal på bustadtilskot til utleigebustader fordelt på tiltak (nybygging, kjøp, utbetring)	Tertialvis
Tal på bustader som har fått tilsegn om bustadtilskot til utleigebustader fordelt etter intervall for tilskotsutmåling (fordelt etter intervall på fem prosentpoeng).	Tertialvis
Tal på utbetalte startlån fordelt etter låneutmåling og type husstand.	Tertialvis
Tal på utbetalte bustadtilskot til etablering.	Tertialvis
Tal på husstandar som mottek bustøtte (hovudtabellen for bustøtte for aktuell periode).	Tertialvis
Turnoverdelen i bustøtta.	Tertialvis
Talet på klagar i bustøtta (fordelt på årsak og anna statistikk for husstanden).	Tertialvis
Avslagsdelen i startlånsordninga (delt på relevante grupper).	Tertialvis
Avslagsdelen i bustøtta (delt på relevante grupper).	Tertialvis
Avslagsdelen på bustadtilskot til utleigebustader.	Tertialvis
Utviklinga i buutgiftsbelastninga av bustøttemottakarane.	Tertialvis
Delen av startlånet som nyttast saman med bustøtta og/eller bustadtilskot til etablering.	Tertialvis
Talet på utleigebustader som kommunane disponerer. Kravet er at talet skal auke frå førre rapporteringsår.	Årleg (KOSTRA)
Talet på personar som står på venteliste for kommunal bustad (delt på brukargruppe).	Årleg (KOSTRA)
Avslagsdelen på kommunal bustad.	Årleg (KOSTRA)
Nettotilvekst av kommunalt disponerte bustader. Kravet er at det skal vere ein nasjonal auke i talet på kommunalt disponerte bustader samanlikna med førre rapporteringsår.	Årleg (KOSTRA)

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg

Styringsparametrar

Godkjente bustader med miljø-/energikvalitetar for grunnlån til einskildpersonar, spesifisert på type kvalitet.	Tertialvis
Bustadprosjekt til vanskelegstilte som har miljø-/energikvalitetar for grunnlån til kommunale utleigebustader, spesifisert på type kvalitet.	Tertialvis
Prosjekt som har fått kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet med mål om å fremje miljø-/energikvalitetar i bustader og bygg, spesifisert på type kvalitet. Det skal gå fram kor stor prosentdel av tilskotet som har gått til miljøtiltak.	Tertialvis

Talet på intensjonsavtalar med mål om fleire miljøvenlege bustader og bygg. Kravet er at det skal vere eit aukande tal samanlikna med 2009.	Tertialvis
---	------------

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

Styringsparametrar

Delen av godkjente bustader etter kvalitetar for universell utforming.	Tertialvis
Delen av bustadprosjekt til vanskelegstilte etter kvalitetar for universell utforming for grunnlån til kommunale utleigebustader.	Tertialvis
Talet på prosjekt som har fått kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet til å fremja universell utforming.	Tertialvis
Talet på prosjekt som har fått tilsegn til prosjektering og bygging av heis.	Tertialvis
Tal på besøkande på nettstaden "Universell utforming av bustad og bygg" på Husbankens egne nettsider.	Tertialvis

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

Styringsparametrar

Prosjekt med mål om god byggjeskikk og bumiljø som har fått kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet	2. tertial
Talet på bustader som vert omfatta av områdeløft	Årleg
Grunnlagsdata for rapportering av Groruddalsatsinga	Årleg

Open, brukarvenleg og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Styringsparametrar

Delen av kommunar/brukarar som er nøgd med rettleiinga frå Husbanken	Årleg
Delen av kommunar/brukarar som er nøgd med informasjon og tilgangen i Husbanken	Årleg
Indikatorar for innhald og aktivitet på nettstadene til Husbanken	Tertialvis

Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver

Styringsparametrar

Balansen mellom budsjett og rekneskap. Kravet i 2010 er at avvika er minimale på alle postane.	Gjennom dei ordinære budsjettprosessane
Gjeve tilsegn og utbetalte tilsegn på tilskotspostane.	Tertialvis
Sakshandsamingstid for alle sakstypar.	Tertialvis
Talet på klagesakar for alle sakstypar.	Tertialvis
Tap fordelt på låneordningane.	Tertialvis
Driftskostnader per årsverk.	Årleg

Vedlegg 2: Kalender for styringsdialogen i 2010

Månad	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Innspel til statsrekneskapen for 2009*	15. januar*
Februar	Elektronisk kopi av kassarapport for januar	
	Rapportering for 3. tertial og førebels årsmelding 2009	20. februar
	Rapportering for januar	20. februar
Mars	Elektronisk kopi av kassarapport for februar	
	Innspel til tilleggsløyvingar og omprioriteringar (RNB)*	1. mars*
	Styringsmøte. Tema er mellom anna årsmelding og årstrekket 2009	2. mars
	Rapportering for februar	20. mars
	Endeleg årsmelding for 2009	31. mars
April	Elektronisk kopi av kassarapport for mars	
	Rapportering for mars	20. april
Mai	Elektronisk kopi av kassarapport for april	
	Innspel til førsteutkast til Prop. 1 S (2010-2011)	14. mai*
	Rapportering for april	20. mai
Juni	Elektronisk kopi av kassarapport for mai	
	Rapportering for 1. tertial 2010	10. juni
	Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 1. tertial	15. juni
	Rapportering for mai	20. juni
Juli	Elektronisk kopi av kassarapport for juni	
	Rapportering for juni	20. juli
August	Elektronisk kopi av kassarapport for juli	
	Utkast til Prop. 1 S (2010-2011) vert lagt fram for HB for merknader/oppdatering av rapportering på aktivitet	16. august*
	Rapportering for juli	20. august
September	Elektronisk kopi av kassarapport for august	
	Rapportering for august	20. september
	Innspel til nysalderinga i haustsesjonen*	24. september*
Oktober	Elektronisk kopi av kassarapport for september	
	Rapportering for 2. tertial 2010	10. oktober
	Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 2. tertial	15. oktober
	Rapportering for september	20. oktober
November	Elektronisk kopi av kassarapport for oktober	
	Innspel til innsparingstiltak (2012-budsjettet)*	15. november*
	Innspel til nye store satsingar (2012-budsjettet)*	15. november*
	Rapportering for oktober	20. november
Desember	Elektronisk kopi av kassarapport for november	
	Rapportering for november	20. desember
	Innspel til konsekvensjustering (2012-budsjettet)*	22. desember*

*Dette er en tentativ frist. Endeleg frist vert gjeve i eige brev på eit seinare tidspunkt.

Vedlegg 3: Felles retningslinjer for offentlege verksemder

Brukarundersøkingar

Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar. Resultata av dei skal vere offentlege.

Alle statlege verksemder skal i årsrapporten rapportere om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege. Dei som ikkje gjennomfører brukarundersøkingar i 2010, skal rapportere om når slike undersøkingar vil finne stad. Overordna departement vidaresender rapporteringa samla til FAD så raskt som mogleg i 2011.

I arbeidet med brukarundersøkingar kan FADs vegvisar i brukarretting og brukarmedverknad vere nyttig.

IKT-arkitektur

For å sikre meir heilskap og samanheng skal statlege verksemder leggje ut dei sju felles arkitekturprinsippa (sjå vedlegg 4) til grunn når dei utviklar nye IKT-løysingar. Prinsippa gjeld både ved utvikling av nye IKT-system og ved vesentleg endring av eksisterande system. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) forvaltar prinsippa. Statlege verksemder skal òg ta i bruk felles løysingar for elektronisk ID, som Difi legg til rette for. I tillegg skal verksemdene bruke Altinn når dei produserer og gjer tilgjengeleg elektroniske tenester (jf. brev frå NHD av 8. april 2008 til alle departementa).

Statlege verksemder skal:

- a) leggje arkitekturprinsippa til grunn når dei utviklar sine IKT-system
- b) ta i bruk felles eID når dei legg nye e-tenester ut på nett. Felles elektronisk signatur skal takast i bruk når han ligg føre (frå 2010). Eigne eID-løysingar som etatar brukar på eksisterande tenester, skal fasast ut og erstattast av den felles infrastrukturen i Difi. Etatar som framleis ønskjer å bruke egne eID-løysingar, må grunngje dette
- c) grunngje dei tilfella der dei vel ikkje å bruke Altinn for produksjon av relevante tenester retta mot næringsliv og publikum

Verksemdene skal skrive i årsrapporten korleis dei har følgd opp punkt a-c. overordna departement sender rapporteringa vidare til FAD og NHD.

Om ei verksemd kjem fram til at ho ikkje vil leggje fellesføringa om Altinn (c) til grunn, skal avviket grunngjevast. Ho skal då orientere overordna departement om denne grunnen *så snart avgjerda er teken*. Fagdepartementa rapporterer vidare til NHD så snart som mogleg.

Vedlegg 4: Prinsipp for planlegging av IKT-løysingar

Staten må sikre god utnytting av dei store IKT-investeringane. IKT-systema må leggje grunnlaget for enklare samhandling og utveksling av informasjon. Gode verkemiddel er gjenbruk og fleirbruk av IKT-løysingane i forvaltninga og standardisering av mellom anna format og protokollar. I tillegg er det viktig å ha nokre felles prinsipp å halde seg til i utviklinga av nye IKT-løysingar i staten eller når eksisterande system skal byggjast om. Felles prinsipp sikrar at dei IKT-løysingane som kvar etat eller sektor kjøper, utviklar og nyttar, vert underlagde sentrale krav om betre brukarorientering og meir samordning på tvers av offentlege einingar. Einsarta prinsipp for forvaltninga kan over tid gjere forvaltninga meir endringsdyktig ved at datasystem i verksemdene i større grad vert sette i samanheng med systema i andre verksemdar. Det gjer integrering av systema enklare.

Prinsippa vil vere eit rammeverk for ein felles IKT-arkitektur i offentleg sektor. Denne arkitekturen må ha ein fornuftig balanse mellom universelle og lokale løysingar og ha respekt for at delar av forvaltninga treng spesialisert teknologi og eigne program for å få utført oppgåvene sine slik lovverket krev og dei politiske styresmaktene forventar.

Regjeringa legg til grunn at statlege verksemdar skal nytta følgjande prinsipp i planlegginga av nye IKT-løysingar eller ved vesentleg ombygging av eksisterande løysingar:

Tenesteorientering: IKT-system skal byggjast opp som ei samling avgrensa delsystem som legg til rette for mest mogleg gjenbruk.

Interoperabilitet: IKT-system må kunne utveksle og dele data og informasjon med andre system gjennom standardiserte grensesnitt.

Tilgjenge: Elektroniske brukartenester skal vere universelt utforma, og brukarane skal kunne nytte dei utan omsyn til tid, stad og kanal.

Tryggleik: Informasjon og tenester skal tilfredsstillere krav til konfidensialitet, kvalitet og tilgjenge.

Openheit: Offentlege IKT-system skal vere baserte på opne eller godkjente standardar. Systema skal ikkje setje spesielle krav til teknologi hos brukarane.

Fleksibilitet: Forvaltninga skal etablere og utvikle IKT-system på ein slik måte at dei er førebudde på endringar i bruk, innhald, organisering, eigarskap og infrastruktur.

Skalerbarheit: IKT-system skal vere førebudde på endringar i talet på brukarar, datamengd og livslengda til tenesta.

Vedlegg 5: Ny forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investeringar i skule- og symjeanlegg

FOR 2009-12-17 nr 1724: Forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investeringer i skole- og svømmeanlegg fra Husbanken

Skriv ut 

DATO: FOR-2009-12-17-1724
DEPARTEMENT: KRД (Kommunal- og regionaldepartementet)
AVD/DIR: Bolig- og bygningsavd.
PUBLISERT: I 2009 hefte 14
IKRAFTTREDELSE: 2010-01-01
SIST-ENDRET:
ENDRER: FOR-2008-12-16-1485
GJELDER FOR: Norge
HJEMMEL: LOV-2009-05-29-30-§1
SYS-KODE: BG20a
NÆRINGSKODE: 8101
KUNNGJORT: 05.01.2010 kl. 16.15
RETTET:
KORTTITTEL: Forskrift om rentekompensasjon, Husbanken

For å lenke til dette dokumentet bruk: <http://www.lovdata.no/cgi-wift/lides?doc=/sf/sf-20091217-1724.html>

INNHold

Forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investeringer i skole- og svømmeanlegg fra Husbanken

- § 1. Formål
- § 2. Hvem som kan få rentekompensasjon
- § 3. Hva det skal gis rentekompensasjon til
- § 4. Størrelsen på rentekompensasjonen
- § 5. Søknad og saksgang
- § 6. Særlige bestemmelser
- § 7. Nærmere retningslinjer
- § 8. Prioritering
- § 9. Sanksjoner ved mislighold
- § 10. Ikrafttredelse

Forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investeringer i skole- og svømmeanlegg fra Husbanken

Hjemmel: Fastsatt av Kommunal- og regionaldepartementet 17. desember 2009 med hjemmel i lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken § 1.

§ 1. Formål

Rentekompensasjonen skal stimulere kommunene og fylkeskommunene til å rehabilitere og investere i skole- og svømmeanlegg.

Ordningen skal bidra til å sikre at alle elever i grunnskolen og i videregående skole får gode læringsforhold. Funksjonshemmedes behov skal ivaretas.

§ 2. Hvem som kan få rentekompensasjon

Rentekompensasjon gis til kommuner og fylkeskommuner.

Innenfor sin tildelte ramme kan kommuner eller fylkeskommuner søke om rentekompensasjon til rehabiliteringsprosjekter på vegne av:

a) private grunn- og videregående skoler med rett til statstilskudd

§ 3. Hva det skal gis rentekompensasjon til

Til kommuner og fylkeskommuner kan det gis rentekompensasjon ved investeringer til rehabilitering og nybygging av skole- og svømmeanlegg. Det er ikke nødvendig at svømmeanlegget er fysisk tilknyttet skoleanlegget, men at det benyttes til svømmeopplæring i regi av skolen.

Tiltakene skal være av investeringsmessig karakter og kunne lånefinansieres i henhold til kommuneloven § 50.

Kommuner og fylkeskommuner kan søke rentekompensasjon til prosjekter som er påbegynt, men som blir ferdigstilt etter 1. januar 2009.

For private skoler og trossamfunn, jf. § 2 annet ledd, kan det gis rentekompensasjon kun ved investeringer til rehabilitering av skoleanlegg, og hvor prosjektene blir ferdigstilt etter 1. januar 2010.

§ 4. Størrelsen på rentekompensasjonen

Årlig bevilgning og årlig investeringsramme fastsettes av Stortinget.

Fordelingen av investeringsrammen mellom kommunene, og mellom kommunene og fylkeskommunene, skjer etter en

fordelingsnøkkel gitt av Kunnskapsdepartementet.

Rentekompensasjonen utbetales etterskuddsvis og beregnes på grunnlag av rentekostnader som tilsvarer et husbanklån med flytende rente over 20 år med 5 års avdragsfrihet.

§ 5. Søknad og saksgang

Kommuner og fylkeskommuner søker Husbanken om tilsagn og utbetaling av rentekompensasjon.

Private skoler og trossamfunn, jf. § 2 annet ledd, søker kommunen eller fylkeskommunen som vurderer prosjektet i forhold til sin egen investeringsramme. Kommunen eller fylkeskommunen søker eventuelt Husbanken på vegne av disse.

Husbanken organiserer søknadmottak, og utbetaler rentekompensasjonen innenfor de økonomiske rammer som årlig er stilt til disposisjon.

§ 6. Særlige bestemmelser

Utforming og innredning skal følge bestemmelsene i forskrift 1. desember 1995 nr. 928 om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. dersom det ikke foreligger dokumenterte dispensasjoner etter samme forskrift.

Det skal tas hensyn til miljø, energi og universell utforming i prosjekter der dette er relevant.

§ 7. Nærmere retningslinjer

Husbanken gir nærmere retningslinjer for gjennomføringen av rentekompensasjonsordningen.

§ 8. Prioritering

Departementet kan fastsette regler om prioritering av søknader.

§ 9. Sanksjoner ved mislighold

Dersom det avdekkes av forutsetningene for tilskuddet ikke er overholdt, kan Husbanken redusere eller stanse utbetalingen av rentekompensasjonen, og eventuelt kreve tilbakebetaling.

Rentekompensasjonen opphører dersom en privat skole blir lagt ned eller lokalene blir overdratt til eiere som ikke oppfyller kravene i henhold til § 2 annet ledd.

§ 10. Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft 1. januar 2010.

Samtidig oppheves forskrift 16. desember 2008 nr. 1485 om kompensasjon for utgifter til renter til investeringer i skole- og svømmeanlegg fra Den Norske Stats Husbank.

Databasen sist oppdatert 10. jan 2010

Vedlegg 6: Revidert Hovudinstruks om økonomiforvaltninga i Husbanken

HOVEDINSTRUKS OM VIRKSOMHETS- OG ØKONOMISTYRING I HUSBANKEN

Husbanken er et statlig forvaltningsorgan underlagt Kommunal- og regionaldepartementet. Instruksen er fastsatt av departementet 11. januar 2010 i medhold av Reglement for økonomistyring i staten § 3 og Bestemmelser om økonomistyring i staten kapittel 1, og trer i kraft fra samme dato.

1 Instruksens forhold til det generelle økonomiregelverk

Økonomiforvaltningen i Husbanken skal følge Reglement for økonomistyring i staten (forkortet Reglementet) og Bestemmelser om økonomistyring i staten (forkortet Bestemmelsene), med de tilføyelser/presiseringer som fremgår av bestemmelsene i denne instruks.

Det vises for øvrig til lov av 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken med forskrifter.

2 Hovedtrekk i myndighets-, oppgave- og ansvarsfordeling

2.1 Virksomhetsledelse (Husbankloven § 4) og kap. 2.2. i Bestemmelsene)

Administrerende direktør leder Husbanken innenfor de lover, budsjetter, forskrifter, reglementer, retningslinjer og instruksjoner som blir vedtatt av Stortinget, Kongen og departementet.

Administrerende direktør skal påse at bestemmelsene i denne instruksjonen blir fulgt opp.

2.2 Økonomiforvaltning

Administrerende direktør har ansvaret for økonomiforvaltningen. Viktige oppgaver i denne sammenheng er å:

1. Holde samlet oversikt over bevilgninger som forvaltes av Husbanken (jf. tildelingsbrev).
2. Samordne kommunikasjonen mellom Husbanken og Kommunal- og regionaldepartementet i saker som berører statsbudsjett og statsregnskap.
3. Påse at vesentlige avvik i forhold til bevilgninger, vedtatte planer eller tildelingsbrev blir innrapportert til Kommunal- og regionaldepartementet.
4. Utarbeide årsrapport og andre rapporter til Kommunal- og regionaldepartementet.
5. Samordne Husbankens kommunikasjon med Riksrevisjonen og sørge for at Kommunal- og regionaldepartementet er oppdatert på aktuelle Riksrevisjonssaker.
6. Utarbeide intern instruks for økonomiforvaltningen i egen virksomhet. Instruksjonen skal inneholde en beskrivelse av oppgave- og ansvarsfordeling, den interne styringen i Husbanken - med fokus på intern kontroll, regler for forvaltning av låne- og tilskuddsmidler, rutiner for forvaltning av eiendeler, rutiner for bokføring, oppbevaring og dokumentasjon av regnskapsmateriale og rutiner for behandling av lønn, anskaffelser og inntekter.
7. Vurdere behovet for endringer i egen økonomiinstruks.
8. Påse at Husbanken har et tilfredsstillende økonomisystem.

Enkelte av punktene er utdypet nedenfor.

2.3 Styringsdialog

Det avholdes regelmessige styringsmøter, mellom departementet og Husbanken ihht styringskalenderen vedlagte det årlige tildelingsbrevet. Departementet innkaller og leder møtet, og utarbeider referat fra hvert møte.

De viktigste dokumenter i styringsdialogen mellom departementet og Husbanken er; tildelingsbrev, budsjettforslag, strategiplan, rapportering til styringsmøtene og årsmelding.

3 Intern styring i virksomheten

3.1 Planlegging (§ 9 i Reglementet og kap. 2.2 og 2.3 i Bestemmelsene)

Den årlige styringen skal baseres på de krav som stilles i tildelingsbrev, ev. med henvisning til andre dokumenter. Husbanken er ansvarlig for at nødvendige interne plandokumenter foreligger (strategiplan og årsplan/virksomhetsplan). Plandokumentene skal fastsette strategiske mål og hovedprioriteringer, samt mål- og resultatkrav i henhold til prioriteringer i tildelingsbrevet.

3.2 Budsjettering

I tilknytning til de plandokumenter som er nevnt i punkt 3.1., skal det utarbeides internbudsjett for de bevilgninger som er stilt til disposisjon for Husbanken (jf. tildelingsbrev). Dette gjelder både for Husbankens driftsbevilgning og for låne- og tilskuddsbevilgningene. Husbanken skal ha god oppfølging og rapportering av låne- og tilskuddsbevilgning, herunder bostøtte.

3.3 Intern kontroll (§ 14 i Reglementet, kap. 2.4 i Bestemmelsene)

Husbanken er ansvarlig for at det innarbeides rutiner for intern kontroll. Den interne kontrollen skal være tilpasset risiko og vesentlighet, fungere tilfredsstillende og være dokumenterbar.

Husbanken må bl.a. påse:

1. At det eksisterer tilfredsstillende rutiner for kontroll av utgifts- og inntektstransaksjoner.
2. At det eksisterer rutiner som sikrer at forbruket på de enkelte poster er i samsvar med forutsetningene i tildelingsbrevet.
3. At det eksisterer rutiner og systemer som forebygger og avdekker vesentlige avvik i oppnådde mål og resultater i forhold til fastsatte mål og resultatkrav
4. At regnskaps og økonomiske rapporter om resultater er pålitelige og nøyaktige.
5. At ressursbruken er effektiv.
6. At det etableres rutiner og systemer for intern kontroll som forebygger og avdekker misligheter og økonomisk kriminalitet
7. At avgjørelser som innebærer økonomisk binding for staten er godt dokumentert.
8. At bestillinger, tilsagn og andre forpliktelser har dekning i gjenstående bevilgninger på den enkelte konto/post.
9. At det foretas realistisk budsjettering hvor det tas hensyn til usikkerhet og risiko.
10. At det er etablert en klar og dokumenterbar fullmaktsstruktur i organisasjonen.

3.4 Resultatoppfølging

Husbanken har ansvar for å oppfylle de mål og resultatkrav som er fastsatt i tildelingsbrevet, og at det rapporteres om oppnådde mål og resultater i perioderapporter og årsrapport.

4 Om økonomisystem, regnskapsføring, betalingsformidling, oppbevaring og dokumentasjon av regnskapsmateriale og rutiner for behandling av lønn, anskaffelser og inntekter

4.1 Økonomisystem og regnskapsføring (§ 12 i Reglementet, kap. 3 og 4 i Bestemmelsene)

Husbanken skal ha et økonomisystem som tilfredsstillter statens krav. Det er Husbankens ansvar å sørge for at rutiner og systemer fungerer som forutsatt og at bestemmelsene om kontroll, herunder avstemminger, følges. Regnskapet skal holdes a jour og alle bankkonti og beholdningskonti skal avstemmes løpende. Ut over det som følger av krav i Bestemmelsene er det opp til Husbanken å avgjøre hvordan den interne organiseringen av økonomioppgavene skal legges opp.

4.2 Betalingsformidling (§ 17 i Reglementet og kap 3.4 i Bestemmelsene)

Husbanken velger kontofører innenfor gjeldende rammeavtaler om betalingsformidlings- og kontoholdstjenester. Anmodning om opprettelse og/eller avvikling av oppgjørskonti under statens konsernkontoordning skal oversendes Kommunal- og regionaldepartementet for videre behandling.

Husbanken må skriftlig fastsette hvem som har myndighet til å autorisere betalingsoppdrag og påse at ajourført oversikt over hvem som har autorisasjonsmyndighet til enhver tid foreligger i virksomhetens økonomienhet.

4.3 Rutiner for lønn, anskaffelser og inntekter (kap. 5 i Bestemmelsene)

Husbanken skal fastsette retningslinjer og rutiner som sikrer at lønn, anskaffelser og inntekter blir håndtert i samsvar med gjeldende lover, regler og avtaler og at inntekter og utgifter blir fulgt opp. Det skal videre sørges for at inntekter blir korrekt fastsatt og innbetalt, og at utestående krav blir fulgt opp.

Behandlingen av lønns- og oppgavepliktige ytelser skal følge kravene i kap 5.2 i Bestemmelsene. Fullmakter og organisering av arbeidet skal være dokumentert og det skal eksistere maskinelle systemer som har funksjonalitet og soliditet til å gjennomføre oppgavene.

Husbanken skal sikre at anskaffelser skjer på en effektiv og forsvarlig måte, og i henhold til kap. 5.3 i Bestemmelsene. Husbanken skal følge regelverket for offentlig anskaffelser. Det vises særlig til lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser, med tilhørende forskrifter fastsatt av Nærings- og handelsdepartementet.

Husbanken skal etablere systemer og rutiner som sikrer at inntektskrav blir behandlet i henhold til kravene i kap 5.4 i bestemmelsene. Fullmakter og organisering av arbeidet skal være dokumentert og det skal eksistere maskinelle systemer har funksjonalitet og soliditet til å gjennomføre oppgavene.

5 Rutiner for forvaltning av lån og tilskudd

Husbanken skal sørge for at låne- og tilskuddsordningene er organisert på en effektiv og hensiktsmessig måte, og at tilskuddsaker blir behandlet i henhold til kap. 6 og 7 i Bestemmelsene.

Husbanken skal fastsette retningslinjer og rutiner som sørger for at det å gi tilsagn om, bevilge og utbetale lån og tilskudd skjer i tråd med Husbankloven, forskrifter samt øvrige krav til låne- og tilskuddsforvaltning som er fastsatt av Kommunal- og regionaldepartementet.

Husbanken skal følge opp etablerte retningslinjer for låne- og tilskuddsaker og sørge for å etablere systemer og arbeidsrutiner som sikrer at søknader på lån og tilskudd blir behandlet i henhold til fastlagte kriterier for tildeling.

Oslo, 11. januar 2010



Eivind Dale
departementsråd